



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 17.06.2025
Møtetid: 13:00 -18:30
Møtestad: Knarvik, helsehuset

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H
Bjarte Andvik	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Rigmor Søyvik	medlem	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP
Aina Sleire	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP

Kariann Ekren	medlem	H
Stian Søyvik	medlem	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti	
Helga Nyhavn Matre	Kariann Ekren	H	
Bjørn Egil Nordland	Stian Søyvik	SP	tom sak 48/2025
Marit Bjånes Bjørneklett	Mariann Fløtre Andvik	AP	

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 35/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 36/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 08.05.25	
PS 37/2025	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2025	
PS 38/2025	Finansrapportering pr. 30.04.2025	
PS 39/2025	Kvalitetsmelding barnehage og skule 2024/2025	
PS 40/2025	Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd	
PS 41/2025	Fjorden kafe AS - utandørs skjenking	
PS 42/2025	Etablering av dagaktivitetssenter på Haugsvær	
PS 43/2025	Framlegg til vedtak om tildeling av vegnamn i bustadfeltet Einestranda, Liarinden, Hosteland Vest og Ytre Haugsdal	
PS 44/2025	Tingingstransport i Masfjorden kommune - drøfting	
PS 45/2025	Oppfølging av rapporten dokumentasjon av brann- og redningstenesta GMBR - forprosjekt nye brannstasjonar	
PS 46/2025	Val av nytt kontrollutval for resten av kommunestyreperioden 2023-2027	
PS 47/2025	Val av kandidatar til styret i Stordalen skisenter AS	
PS 48/2025	Val av kandidatar til styret i Einekavane AS	
PS 49/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 11/2025	Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.25	
RS 12/2025	Møteprotokoll frå Eldrerådet 02.06.25	
RS 13/2025	Møteprotokoll frå ungdomsrådet 05.05.25	
RS 14/2025	Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 26.05.25	

- RS 15/2025 Protokoll 1-2025 Regionrådet Nordhordland fredag
11. april
- RS 16/2025 Saksliste Regionråd 2-2025, fredag 6. juni kl. 09:00 -
15:00
- PS 50/2025 GMU - endra eigarskap og styresamansetjing

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 35/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen orienterte om rammesak 2026 som vert foreslått delegert til formannskapet 26.06.25.

Kommunestyret samla seg om å delegere rammesaka til formannskapet.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 35/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 36/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 08.05.25

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 36/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 08.05.25:

Møteprotokoll frå kommunestyremøte 08.05.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 37/2025 Økonomisk rapportering - 1.tertial 2025

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande tilleggspunkt:

- Kommunestyret ber rådmannen om å legge fram ei reell og mogleg kuttliste ved rapportering av 2. kvartal i september. Dette for å kunne vurdere om me kan arbeide oss nærare målkravet om at «netto driftsresultat i prosent av netto driftsinntekt» skal vere over 1,75%, og betre resultatet med kr. 13,3 mill.

Ordførar bad om gruppemøte for å diskutere framlegg til tilleggspunkt og møtet vart heva.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande justert tilleggspunkt etter gruppemøta:

- Kommunestyret ber rådmannen om å legge fram ei liste for mogleg nedtrekk ved rapportering av 2. tertial i september.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med felles tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 37/2025 Økonomisk rapportering - 1.tertial 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Driftsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Kommunestyret ber rådmannen om å legge fram ei liste for mogleg nedtrekk ved rapportering av 2. tertial i september.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 38/2025 Finansrapportering pr. 30.04.2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 38/2025 Finansrapportering pr. 30.04.2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Finansrapport pr. 1.tertial/30.04.2025 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 39/2025 Kvalitetsmelding barnehage og skule 2024/2025

Saka vart drøfta.

Rådmannen oppmoda om at alle som har stilt spørsmål til denne saka om å sende dei inn skriftleg og lova å ta opp spørsmåla i kommunestyret i september.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 39/2025 Kvalitetsmelding barnehage og skule 2024/2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Kvalitetsmelding barnehage og skule 2024/2025 vert teken til vitring.

Sak om - Kvalitetsmeldinga barnehage og skule - vert frå neste år flytta til septembermøta

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 40/2025 Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd

Saka vart drøfta.

Sigrun Haugsdal Reknes (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd

- § 1.Føremål og oppgåver

- Masfjorden Ungdomsråd er eit rådgjevande organ oppnemnd med heimel i kommunelova § 512. Masfjorden Ungdomsråd har møte minst 2 gonger kvart halvår.

- Ungdomsrådet skal arbeida for å skape best mogeleg ungdomsmiljø i Masfjorden kommune og fremje saker som ungdomsgruppene er opptatt av.

- Ungdomsrådet skal ha jevnleg kontakt med elevråda ved skulane dei representerer.

- Ungdomsrådet skal bestå av ungdommar busett i Masfjorden i alderen 13-20 år.

- Ungdomsrådet har rett til å gje uttale i alle saker som gjeld ungdom og bør i tillegg ha fokus på saker som til dømes budsjett og kommunale planar. Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ. Rådet skal representera og uttalar seg på vegne av alle ungdommar i kommunen. Rådet skal samarbeida med elevråda på skulane i Masfjorden.

- Rådmannen skal sjå til at det vert etablert rutiner som sikrar at rådet mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalane frå rådet har moglegheit til å påverka utfallet av sakene.

- Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld avgjersler overfor enkeltpersonar.

- Kommunestyret kan gje rådet mynde til å fordele bevillingar.

- Ungdomsrådet har høve til å stilla med to representantar som har talerett i formannskap/kommunestyret

- Reglement for folkevalde gjeld også for Masfjorden Ungdomsråd. Dette gjeld særleg innkalling og protokoll, møteleiing og møteplikt. Reglement for godtgjering til folkevalde gjeld også for ungdomsrådet.

- Rådmannen skal sjå til at reglement for folkevalgte vert gjennomgått for alle valte representantar i ungdomsrådet.

- § 2. Samansetning og val

- Masfjorden Ungdomsråd har 8 medlemmar og 5vara

- Det er i tillegg ein politisk representant oppnemnd av kommunestyret og ein administrativ kontaktperson peika ut av rådmannen som møter fast i Ungdomsrådet. Desse representantane har ikkje røysterett i Ungdomsrådet.

- Masfjorden ungdomsråd skal ha slik samansetjing: Kvar skule (Nordbygda, Matre, Sandnes) og vidaregåande skal til ein kvar tid være representert med minst 1 representant i ungdomsrådet, slik at ein ikkje risikerer at nokre skular ikkje er representert. Dette må ein kvalitetssikra under valeprosessen.

5 vararepresentantar i prioritert rekkefylgje. Der skal vera representantar frå alle krinsane.

Samansetjinga av Ungdomsrådet skal ivareta reglar om kjønnsbalanse.

Kommunestyret vedtar samansetjinga av ungdomsrådet etter innstilling frå rådmannen.

Ungdomsrådet har ein valperiode på 2 år der halvparten frå kvar skule/skulegruppe står på val årleg etter 2 år i utvalet. Representantane skal ikkje vera fylt 19 år på valtidspunktet.

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv og vel sjølv sin leiar og nestleiar blant medlemma. Leiar og nestleiar utgjer ei arbeidsgruppe som har jamleg kontakt med kommunen sine kontaktpersonar.

Kommunestyret oppnemner politisk kontaktperson frå kommunestyret.

Kontaktperson sine oppgåver er:

- Ha ansvar for kva saker som vert lagt fram for ungdomsrådet ilag med arbeidsgruppa
 - Ha ansvar for søknad til Kraftfondet og andre som kan bevilge pengar som ungdomsrådet kan disponere, til dømes kurs
 - Ungdomsfondet
 - Ha ansvar for å melde tilbake til kommunestyret kva ungdomsrådet er opptatt av
 - Ta del i organisering og gjennomføring av eventuelle studieturar
 - Ha kontakt med skulane i Masfjorden i samband med val av nytt ungdomsråd
- Rådmannen oppnemner administrativ kontaktperson frå administrasjonen.

Kontaktpersonen sine oppgåver er:

- Laga retningslinjer for val av medlemmer til ungdomsrådet
- Laga retningslinjer for ungdomsfondet
- Hjelpa ungdomsrådet med å etablera kontakt med kommunale organ
- Sørge for at ungdomsrådet har tett dialog og samarbeid med frivillighetskoordinator
- Ha ansvar for kontinuitet i ungdomsrådet
- Ha ansvar for opplæring og informasjon
- Ha ansvar for at det vert utarbeidd budsjett og årsmelding
- Ha ansvar for at ungdomsrådet har jevnleg kontakt med skulane

Framlegg til vedtak frå H vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 40/2025 Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd:

Vedtak frå kommunestyret

Vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd

§ 1.Føremål og oppgåver

Masfjorden Ungdomsråd er eit rådgjevande organ oppnemnd med heimel i kommunelova § 512. Masfjorden Ungdomsråd har møte minst 2 gonger kvart halvår.

Ungdomsrådet skal arbeida for å skape best mogeleg ungdomsmiljø i Masfjorden kommune og fremje saker som ungdomsgruppene er opptatt av.

Ungdomsrådet skal ha jevnleg kontakt med elevråda ved skulane dei representerer.

Ungdomsrådet skal bestå av ungdommar busett i Masfjorden i alderen 13-20 år.

Ungdomsrådet har rett til å gje uttale i alle saker som gjeld ungdom og bør i tillegg ha fokus på saker som til dømes budsjett og kommunale planar. Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ. Rådet skal representera og uttalar seg på vegne av alle ungdommar i kommunen. Rådet skal samarbeida med elevråda på skulane i Masfjorden.

Rådmannen skal sjå til at det vert etablert rutiner som sikrar at rådet mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalane frå rådet har moglegheit til å påverka utfallet av sakene.

Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld avgjersler overfor enkeltpersonar. Kommunestyret kan gje rådet mynde til å fordele bevillingar.

Ungdomsrådet har høve til å stilla med to representantar som har talerett i formannskap/kommunestyret

Reglement for folkevalde gjeld også for Masfjorden Ungdomsråd. Dette gjeld særleg innkalling og protokoll, møteleiing og møteplikt. Reglement for godtgjering til folkevalde gjeld også for ungdomsrådet.

Rådmannen skal sjå til at reglement for folkevalgte vert gjennomgått for alle valte representantar i ungdomsrådet.

§ 2. Samansetning og val

Masfjorden Ungdomsråd har 8 medlemmar og 5vara

Det er i tillegg ein politisk representant oppnemnd av kommunestyret og ein administrativ kontaktperson peika ut av rådmannen som møter fast i Ungdomsrådet. Desse representantane har ikkje røysterett i Ungdomsrådet.

Masfjorden ungdomsråd skal ha slik samansetjing: Kvar skule (Nordbygda, Matre, Sandnes) og vidaregåande skal til ein kvar tid være representert med minst 1 representant i ungdomsrådet, slik at ein ikkje risikerer at nokre skular ikkje er representert. Dette må ein kvalitetssikra under valeprosessen.

5 vararepresentantar i prioritert rekkefylgje. Der skal være representantar frå alle krinsane.

Samansetjinga av Ungdomsrådet skal ivareta reglar om kjønnsbalanse.

Kommunestyret vedtar samansetjinga av ungdomsrådet etter innstilling frå rådmannen.

Ungdomsrådet har ein valperiode på 2 år der halvparten frå kvar skule/skulegruppe står på val årleg etter 2 år i utvalet. Representantane skal ikkje vera fylt 19 år på valtidspunktet.

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv og vel sjølv sin leiar og nestleiar blant medlemma. Leiar og nestleiar utgjer ei arbeidsgruppe som har jamleg kontakt med kommunen sine kontaktpersonar.

Kommunestyret oppnemner politisk kontaktperson frå kommunestyret. Kontaktperson sine oppgåver er:

- Ha ansvar for kva saker som vert lagt fram for ungdomsrådet ilag med arbeidsgruppa
- Ha ansvar for søknad til Kraftfondet og andre som kan bevilge pengar som ungdomsrådet kan disponere, til dømes kurs
- Ungdomsfondet
- Ha ansvar for å melde tilbake til kommunestyret kva ungdomsrådet er opptatt av
- Ta del i organisering og gjennomføring av eventuelle studieturar
- Ha kontakt med skulane i Masfjorden i samband med val av nytt ungdomsråd

Rådmannen oppnemner administrativ kontaktperson frå administrasjonen. Kontaktpersonen sine oppgåver er:

- Laga retningslinjer for val av medlemmer til ungdomsrådet
- Laga retningslinjer for ungdomsfondet
- Hjelpa ungdomsrådet med å etablera kontakt med kommunale organ
- Sørge for at ungdomsrådet har tett dialog og samarbeid med frivillighetskoordinator
- Ha ansvar for kontinuitet i ungdomsrådet
- Ha ansvar for opplæring og informasjon
- Ha ansvar for at det vert utarbeidd budsjett og årsmelding
- Ha ansvar for at ungdomsrådet har jevnleg kontakt med skulane

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 41/2025 Fjorden kafe AS - utandørs skjenking

Aina Sleire (Ap) og Erlend Kvamsdal (H) ba om å få habilitetane sine vurdert i sak 41/2025 Fjorden kafe AS- utandørs skjenking.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Sleire og Kvamsdal var inhabile sidan Sleire eig aksjer i Fjorden kafe AS og Kvamsdal eig i eit selskap som er deleigar i Fjorden kafe AS.

Aina Sleire og ordførar Erlend Kvamsdal deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka og varaordførar Geir Egil Haugsvær (Sp) tok over møteleiinga.

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak frå formannskapet (15 røyster) vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 41/2025 Fjorden kafe AS - utandørs skjenking:

Vedtak frå kommunestyret:

- 1.Fjorden kafe AS får utvida skjenkeløyve til også å gjelda uteservering. Løyve til uteservering følger løyveperioden fram til 31.3.2028.
- 2.Uteserveringa omfattar alkoholgruppe 1, 2 og 3.
- 3.Skjenkeområdet skal vere tydeleg avgrensa med fysisk markering som rammer inn skjenkearealet, og tilkomst til bygget skal kunne skje utanom skjenkeområdet.
- 4.Tidsrom for utandørs skjenking:
Kvardagar frå kl. 16.00 – 23.00.

Laurdag, søndag og heilagdaggar frå kl. 13.00 – 23.00.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 42/2025 Etablering av dagaktivitetssenter på Haugsvær

Geir Egil Haugsvær (Sp) og Bjørn Egil Nordland ba om å få habilitetane sine vurdert i sak 42/2025 Etablering av dagaktivitetssenter på Haugsvær.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav b, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Haugsvær og Nordland var inhabil sidan Haugsvær er i nær slekt med aksjeeigarar i Haugsværtunet og Nordland eig aksjar i Haugsværtunet.

Geir Egil Haugsvær og Bjørn Egil Nordland deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet (15 røyster) vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 42/2025 Etablering av dagaktivitetssenter på Haugsvær:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune inngår kontrakt med Haugsværtunet AS om kjøp av nøkkelferdig dagaktivitetssenter, eigarseksjon på Gnr. 47 b.nr. 5, adresse Sognevegen 2226, 5983 Haugsvær i Masfjorden.

Kostnadsramme for prosjektet vert sett til inntil kr. 5.922.000,-.

Eigarseksjonen som Masfjorden kommune skal overta er ombygd og påbygd del av butikkbygg på Haugsvær. Kjøpet skal gjennomførast ved at Haugsværtunet AS seksjonerer egedomen og overfører eigarseksjon som omfattar dei avtalte delane av bygget til Masfjorden kommune.

Noverande inngangsparti, aktivetsrom og eksisterande toalettavdeling inngår ikkje i seksjoneringa, men det skal lagast avtale som sikrar Masfjorden kommune rett til å nytte desse lokala.

Overlevering innan august 2026. Eit vilkår for å inngå kontrakt med Haugsværtunet AS om kjøp av dagaktivitetssenter er at Husbanken godkjenner prosjektet for investeringstilskot til dagaktivitetssenter.

Dagaktivitetssenter vert realisert såframt omsorgsbustadane til Masfjorden kommune i Haugsvær panorama vert bygd.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 43/2025 Framlegg til vedtak om tildeling av vegnamn i bustadfelta Einestrand, Liarinden, Hosteland Vest og Ytre Haugsdal

Erlend Kvamsdal (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 43/2025 Framlegg til vedtak om tildeling av vegnamn i bustadfelta Einestrand, Liaringen, Hostland Vest og Ytre Haugsdal.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Kvamsdal var habil sidan han ikkje har noko personleg vinning i saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 43/2025 Framlegg til vedtak om tildeling av vegnamn i bustadfelta Einestrand, Liarinden, Hosteland Vest og Ytre Haugsdal:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret vedtek følgjande vegnamn for bustadfelta Einestrand, Liarinden, Hosteland Vest og Ytre Haugsdal:

- Einestrandvegen
- Liarinden
- Kvalhogen
- Langeberget

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 44/2025 Tingingstransport i Masfjorden kommune - drøfting

Veronika Hjartholm (H) og Aina Sleire (Ap) ba om å få habilitetane sine vurdert i sak 44/2025 Tingingstransport i Masfjorden kommune - drøfting.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Hjartholm og Sleire var inhabil sidan begge er driftarar av tingingstransporten.

Veronika Hjartholm og Aina Sleire deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka
Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (15 røyster) vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 44/2025 Tingingstransport i Masfjorden kommune - drøfting:

Vedtak frå kommunestyret:

Avtalen med Skyss vert ikkje forlenga.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med drosjenæringa for å oppretthalda eit liknande lokalt tilbod for eldre for perioden 01.09.2025 – 01.09.2026.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 45/2025 Oppfølging av rapporten dokumentasjon av brann- og redningstenesta GMBR - forprosjekt nye brannstasjonar
Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 45/2025 Oppfølging av rapporten dokumentasjon av brann- og redningstenesta GMBR - forprosjekt nye brannstasjonar:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret vedtek oppstart av forprosjekt felles brannstasjon for området Brekke og Matre, slik det er skildra i saksframlegget. Det vert løyvd inntil krone 400.000,- til arbeid med forprosjektet , finansiert ved å styrka GMBR sitt driftsbudsjett.

Arbeidet med forprosjektet skal vera gjort ferdig innan 1. mai 2026.

Rådmannen oppnemner to tilsette som skal vere med i arbeidsgruppa i tillegg til brannsjef. Gulen kommune vert invitert til å peika ut to av sine tilsette til arbeidsgruppa.

Det vert oppnemnt ei felles politisk styringsgruppe, representert ved formanskapa i kommunane.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 46/2025 Val av nytt kontrollutval for resten av kommunestyreperioden 2023-2027

Nestleiar i valutvalet Helga Nyhavn Matre (H) las opp tilrådinga frå valutvalet.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande endringsframlegg:

- leiar Ragnvald Tangedal
- nestleiar Tove Kristin Sleire Tistel
- medlem Janne- Judith Kvamsdal Sandnes
- [...]

Røysting:

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart røysta opp mot framlegg til vedtak frå Ap

Framlegg til vedtak frå valnemnda fekk 10 røyster (H, FrP og Geir Egil Haugsvær (Sp)) og vart vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 46/2025 Val av nytt kontrollutval for resten av kommunestyreperioden 2023-2027:

Vedtak frå kommunestyret:

Kontrollutvalet for resten av valbolken 2023 – 2027 er:

- leiar Ragnvald Tangedal
- nestleiar Janne-Judith Kvamsdal Sandnes
- medlem Tove Kristin Sleire Tistel
- medlem Gunnar Andvik
- medlem Per Kåre Larsen
- 1.vara Berit Lygre
- 2.vara Alf Strand
- 3.vara Rigmor Sjøvik
- 4.vara Ivar Tenjum
- 5.vara Torstein Myrvang-Rørvik

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 47/2025 Val av kandidatar til styret i Stordalen skisenter AS

Torill Torsvik Størkersen (H) og Geir Egil Haugsvær (Sp) ba om å få habilitetane sine vurdert i sak 47/2025 Val av kandidatar til styret i Stordalen skisenter AS.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok at Størkersen og Haugsvær var inhabil sidan Størkersen er styremedlem og Haugsvær er leiar i styret i Stordalen skisenter.

Torill Torsvik Størkersen og Geir Egil Haugsvær deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka

Nestleiar i valutvalet Helga Nyhavn Matre (H) las opp tilrådinga frå valutvalet.

Ragnvald Tangedal (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedlegg:

Masfjorden kommune sin kandidat til styret i Stordalen skisenter AS er:

- Torill Torsvik Størkersen

Røysting:

Framlegg til vedtak frå valutvalet vart røysta opp mot framlegg til vedtak frå Ap.

Framlegg til vedtak frå Valnemna fekk 10 røyster (H, FrP og Rigmor Sjøvik (Sp)) og vart vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 47/2025 Val av kandidatar til styret i Stordalen skisenter AS:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune sin kandidat til styret i Stordalen skisenter AS er:

- Veronika Hjartholm

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 48/2025 Val av kandidatar til styret i Einekavane AS

Nestleiar i valutvalet Helga Nyhavn Matre (H) las opp tilrådinga frå valutvalet.

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Kandidatar til styret i Einekavane AS er:
 - medlem Tina Fjellby
 - medlem Ørjan Daae
 - varamedlem Sigrun Haugsdal Reknes
- Kandidat til styreleiarvervet er:
 - Liv Oda Dale

Torill Torsvik Størkersen sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Kandidatar til styret i Einekavane AS er:
 - medlem Laila Solhaug Reknes
 - medlem Tina Fjellby
 - varamedlem Sigrun Haugsdal Reknes
- Kandidat til styreleiarvervet er:
 - Liv Oda Dale

Røysting:

Det vart ikkje røysta over framlegg til vedtak frå valutvalet.

Framlegg til vedtak frå H vart røysta opp mot framlegg til vedtak frå Ap

Framlegg til vedtak frå Ap fekk 7 røyster (Ap, V, Bjørn Egil Nordland (Sp) og Sigrun Haugsdal Reknes (H)) og fall

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 48/2025 Val av kandidatar til styret i Einekavane AS:

Vedtak frå kommunestyret:

- Kandidatar til styret i Einekavane AS er:

- medlem Tina Fjellby
 - medlem Ørjan Daae
 - varamedlem Sigrun Haugsdal Reknes
- Kandidat til styreleiarvervet er:
 - Liv Oda Dale

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 49/2025 Referat- og orienteringssaker

Grunngjevne spørsmål:

Tove Kristin Sleire Tistel (V) stilte følgjande spørsmål:

- Masfjorden Venstre viser til PS 59/2024 Oppnemning og mandat for ressursgruppe for landbruket Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024: Det vert oppretta ei ressursgruppe for landbruket bestående av fem personar - av dei to politikarar og tre frå landbruksnæringa. Mandat: drøfta kva utfordringar landbruket har i Masfjorden kommune og kome med framlegg på lokale tiltak som kan styrke landbruket i Masfjorden kommune - gruppa skal rapportere til kommunestyret i des 2024 og april 2025
- Venstre etterspør status i ressursgruppe og resultat av arbeidet. Landbruksnæringa er - og har vore ei viktig næring i vår kommune, for lokalsamfunn – og vil vere av betydning framover for kulturlandskap, matberedskap, identitet og lokalsamfunn. Samstundes opplever Venstre i dialog med unge at der er fleire som har interesse for gardsbruk
Det er fint om gruppa sitt arbeid vert lagt fram for kommunestyret

Svar frå Ordførar:

- Etter initiativ frå leiaren i Sleirsfjella Beitelag vart det arrangert eit møte mellom bøndene i Masfjorden og kommune leiinga både politisk og administrativt. I dette møtet var det blant anna ytra ønske om å etablere ei lita gruppe med bønder og politikarar for å sjå på utfordringar i landbruket. Eg som ordførar tok etter dette møtet og løfta opp sak der kommunestyret etablerte ei ressursgruppe for landbruket.
- Medlemmane i ressursgruppa vart fastsett i kommunestyre sak 105/2024 i oktober møtet. Til tross for kort tid leverte leiar i ressursgruppa ei orientering allereie i desember møtet.
- Som spørsmålsstillar har fått info om i forkant av møtet var det planlagt og er gjennomført orientering frå leiar av ressursgruppa for landbruket i dette kommunestyre møtet der status og arbeidet er redegjort for, Samt vidare plan.

Orienteringar:

- Statsforvaltaren i Vestland v/Stein Byrkjeland orienterte om Masfjordfjella - Ope landskap og sur, gamla stein
- leiar i landbruksgruppa Geir Egil Haugsvær orientere om arbeidet i gruppa

- leiar i ungdomsrådet Ben Georg Kvingedal orienterte om vedtaket deira i sak 09/2025

Referatsaker:

- Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.25
- Møteprotokoll frå Eldrerådet 02.06.25
- Møteprotokoll frå ungdomsrådet 05.05.25
- Møteprotokoll frå ungdomsrådet 26.05.25
- Protokoll 1-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 11.april
- Sakliste Regionråd 2-2025, fredag 6.juni kl .09:00 - 15:00

Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte kort forhold rundt NGIR - spesielt etablering av miljøstasjon i Masfjorden
- ordførar orienterte kort om status for Masfjordsambandet
- ordførar orienterte kort om dialog med Skyss - spesielt om korrespondanse mellom buss og ferje samt komande anbodsrunde for kabelferja
- ordførar orienterte kort om tilbod om passbuss i Masfjorden

Orientering frå Rådmannen:

- Ass.rådmann Sveinung Toft orienterte kort om datasenter på Matre samt behov for endring av reguleringsplanen

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 49/2025 Referat- og orienteringssaker:
Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 50/2025 GMU - endra eigarskap og styresamansetjing

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 17.06.2025 av sak 50/2025 GMU - endra eigarskap og styresamansetjing:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune sluttar seg til GMU styret si tilrådinga om vedtaksendring under punkt 5, noko som inneber at kommunane samla har minst 4 representantar av eit styre på 7.